



Medlem og varamedlem i Eidfjord fellesråd

Arkivsakid-doknr: 20/175-81
Jurnalpostid: 24/670

Saksh: Linda Ågotnes Kaland
Telefon: 53 67 35 37

Arkivkode K1-033
Dato: 24.01.2024

Møtebok - Fellesrådet - 18.01.2024

Tid: Kl. 10.00 -12.00

Stad: Kommunestyresalen

Frå fellesrådet møtte:

Marete Sæbø (leiar), Harald Næss (nestleiar), Frode Eriksen, Liv Bente Rokne Viveli, Elsa Garatun, Johanna Håbrekke og Aslak Lægreid.

Frå administrasjonen møtte:

Linda Ågotnes Kaland (møtesekretær)

Sak 1 Val av leiar:

Marete Sæbø tok attval, og vart samrøystes vald som leiar.

Sak 2 Val av nestleiar:

Harald Næss tok attval, og vart samrøystes vald som nestleiar.

Sak 3 Val av representant til Samarbeidsutvalet pleie og omsorg:

Som representant for perioden 2024-2027 vart vald Johanna Håbrekke.

Som vararepresentant for perioden 2024-2027 vart vald Elsa Garatun.

Representantane vart samrøystes valde.

Sekretær sender vedtak om val av representanter frå fellesrådet til einingsleiar for helse og omsorg. Saka med vedtak frå kommunestyre og retningslinene for samarbeidsutvalet skal sendes til medlemer i fellesrådet.



Sak 4 Møteplan 2024:

Fellesrådet ynskjer å halda møta 2 veker i forkant av kommunestyremøta, slik at dei kan koma med innspel i saker som er relevant for rådet. Møtedag for rådet vert som tidlegare, tysdagar kl: 10. Leiar i lag med sekretær kallar inn til møta.

Medlemer som ser at relevante saker er meldt til møte i formannskap/kommunestyre tek kontakt med leiar for vidare avklaring om sakene skal inn på saklista til fellesrådet.

Møteplan 1. halvår 2024:

- 27. februar
- 23 april
- 4 juni

Sak 5 Ymse:

Sekretær for fellesrådet:

Fellesrådet ynskjer avklaring om fast sekretær for rådet til neste møte.

Saker til fellesrådet:

Fellesrådet ynskjer å få tilsendt saker som vedkjem fellesrådet i god tid slik at dei får anledning til å koma med innspel før sakene skal vedtas i kommunestyre.

Kopi av innkalling til formannskapet skal sendast til rådsmedlemer slik at dei har anledning til å sjå om det er saker dei meiner er relevante å ta opp i fellesrådet. Dei skal avklara med leiar av rådet om det skal førast inn på saklista til møte i fellesrådet.

Saker som er relevant for rådet vil naturleg vere sakar som omhandlar planarbeid, skule, barnehage, bygdaheim, idrettshall/ treningsrom m.m.

Overgang/oppgradering av system i kommunen:

Sekretær informerte om overgang/oppgradering til nytt system frå april månad. Det vil i den anledning vere mogeleg at fellesrådet overførast til system for møtebehandling Møte+ slik dei andre utvala i kommunen er. Då vil relevante saker kunne meldast direkte inn til fellesrådet. Rådet vil på den måten få meir informasjon ved at dei får saksdokumentet til uttale i sin heilheit, og uttala frå rådet vil koma direkte inn i saksdokumentet før handsaming i kommunestyre.

Fellesrådet ynskjer overføring til møtebehandling Møte+ og ber om avklaring angåande dette til neste møte.

E-signering:

Ved overgang/oppgradering til nytt system vil kommunen og gå over til heildigitalt arkiv. Det inneberer og at ein skal nytta elektronisk signering. Innkalling og møtebøker frå fellesrådet vil då verte sendt til godkjenning via Posten Norge sitt system for e-signering.

Det kjem då ei lenke på epost til den enkelte som skal signere, med melding om dokument til signering frå Eidjford kommune.

Ved spørsmål eller trong for hjelp til dette, er det berre å ta kontakt med sekretær for rådet.

Val av ny vara til fellesrådet:

Etter val av fellesråd perioden 2023-2027 gjekk ein vald vara brått bort, og kommunestyre skal no vedta ny vara. Rådet vil gje innspel om kandidat Gunnvor Hopen Veka til valnemda der saka skal handsamast i møte 22.01.24 før endeleg handsaming i kommunestyre 05.02.24.

Sansehagen:

Status i sak om Sansehagen er at det er løyvd kr. 1 875 000,- i årets budsjett.

Brosjyra Velkommen til Eidfjord bygdaheim:

Fellesrådet ynskjer at informasjon om at bebuarar må teikne eigen innboforsikring kjem inn i brosjyra.

Rådsmedlemer som også er medlemer av samarbeidsutvalet vil ta dette innspelet opp i neste møte i samarbeidsutvalet. Rådet vil gjerne ha brosjyra til uttale/vurdering før den vert ferdigstilt.

I samarbeidsutvalsmøte vil dei og ta opp sak om møtegodtgjersle for alle medlemer av samarbeidsutvalet. Det er ynskje om ein endring frå slik det er no med at berre dei som er politisk valde medlemer får møtegodtgjersla.

Fellesrådet ynskjer å invitera leiar i helse og omsorg, Karin Flatabø Thrane til neste fellesrådsmøte for å orientere om Bygdaheimen, sansehagen prosjektet og informasjonsbrosjyra Velkommen til Eidfjord Bygdaheim.

Den kulturelle spaserstokken:

Rådsmedlem Elsa Garatun ynskjer fleire kulturelle tilstelningar/aktivitetar i Eidfjord. Fellesrådet ynskjer i den anledning å invitera kultursjef eller einingsleiar for kultur, næring og berekraft til møte for å orientere om kulturmiddlar i Eidfjord kommune.

Lokallag pensjonistforbundet:

Rådsmedlem Elsa Garatun informerte om at ho har engasjert seg i å starta opp pensjonistforbund lokallag her i Eidfjord.

Budsjett og utstyr for fellesrådet:

Fellesrådet har ikkje eige budsjett, og har tidlegare måtte forhøyra seg for kvar enskild gong om middlar til gåver, helsingar, møtemat eller anna. Rådet ynskjer no å søkje om eigne budsjettmidlar og vil söka om kr: 50 000,-.

Rådsmedlemer har ikkje fått tilbod om Ipad eller pc. Rådet ynskjer å fremje spørsmål om å få tilbod om slikt utstyr, særleg no som kommunen vert heildigital.

Til å skriva under møteboka: Harald Næss (nestleiar).

Leiar

Nestleiar

Med venleg helsing
Eidfjord kommune

Linda Ågotnes Kaland
Sakshandsamar

Kopi til arkiv og kopibok